

## LÆREPLANEN, RAMMEVERKET, LÆRINGSPROSESSEN OG EKSAMEN: "KUNNSKAPSLØFTET" OG ELEVVRDERINGA

Kjell Gulbrandsen<sup>1</sup>  
Raufoss vgs

Læreplanen for fremmedspråk, som vart fastsett i 2005, gir oss måla for opplæringa og inneheld to nivå, nivå I og nivå II<sup>2</sup> Forholdet mellom læreplanen og vurderinga av elevane er svært direkte og konkret; elevane skal, som tidlegare, vurderast ut frå i kor stor grad dei når måla i planen. Dersom vi tek utgangspunkt i nivå I, ser vi at måla i Kunnskapsløftet heldigvis er meir handfaste enn måla i Reform 94 og Reform 97:

### Måla i L97 og Reform 94

For 10. klasse i L97 er eit av dei felles mål<sup>3</sup> at opplæringa i faget skal utvikle "elevenes evne til å bruke fransk muntlig og skriftlig og stimulere dem til å samhandle med mennesker fra franskspråklige og andre kulturer"<sup>4</sup>, mens eit av hovudmomenta seier at "[e]levne skal utvikle sin evne til å kommunisere på fransk" (*loc. cit.*). I Reform 94 er dei felles måla for opplæringa i B- og C-språk etter måten lite handfaste (t.d. "kunne forstå mening og sammenheng i tale og skrift" og "kunne bruke språket muntlig og skriftlig i ulike kommunikative sammenhenger"<sup>5</sup>), og det fagspesifikke målet for C-språk 2 må kunne karakteriserast som svært lite konkret i vurderingsamanheng: "Elevene skal forstå og formidle hovedinnholdet i ulike typer muntlige og skriftlige tekster og kunne bruke språket i ulike kommunikasjonssituasjoner. De skal ha kjennskap til samfunns- og kulturforhold innen språkområdet" (*loc. cit.*).

Den nye planen for fremmedspråk (Kunnskapsdepartementet 2006: 101-107) er for lang til å kunne takast med her i sin heilskap, men av utdrag som "forstå og bruke et ordforråd som dekker dagligdagse situasjoner", "bruke grunnleggende

---

<sup>1</sup> Kjell Gulbrandsen er lektor ved Raufoss videregående skole. Underviste 1978-1996 i norsk og fremmedspråk i fleire skoleslag. Arbeidde 1996-2005 i Eksamenssekretariatet, Læringsssenteret og Utdanningsdirektoratet med læreplanar og vurdering i fremmedspråk (m.a. eksamenar, *Det felles europeiske rammeverket for språk* og den europeiske språkpermen). Var 2005-2006 redaktør for fremmedspråk i Aschehoug undervisning. Har gitt ut læreverk i engelsk, mindre gjendiktingar og artiklar om læreplanar og vurdering i fremmedspråk. Epost: [kjell.gulbrandsen@ansatt.opplandvgs.no](mailto:kjell.gulbrandsen@ansatt.opplandvgs.no).

<sup>2</sup> Nivå II er aktuelt berre i den vidaregåande opplæringa.

<sup>3</sup> Ein av dei store skilnadene er sjølvstøtt at L97 har planar for fransk, tysk og finsk som det andre fremmedspråket, men ikkje for spansk. I Kunnskapsløftet er planen felles for alle fremmedspråka.

<sup>4</sup> [http://www.utdanningsdirektoratet.no/upload/lareplaner/Lareplanverk\\_L\\_97\\_grunnskolen/L97-15-Tilvalgssprak-tysk\\_Fransk\\_Finsk.pdf](http://www.utdanningsdirektoratet.no/upload/lareplaner/Lareplanverk_L_97_grunnskolen/L97-15-Tilvalgssprak-tysk_Fransk_Finsk.pdf)

<sup>5</sup> [http://www.utdanningsdirektoratet.no/templates/udir/TM\\_Artikkel.aspx?id=1120#Felles%20allmenne%20fag](http://www.utdanningsdirektoratet.no/templates/udir/TM_Artikkel.aspx?id=1120#Felles%20allmenne%20fag)

språklige strukturer og former for tekstbinding”, ”bruke lytte-, tale-, lese- og skrivestrategier tilpasset formålet” og ”sammenligne noen sider ved tradisjoner, skikker og levemåter i språkområdet og i Norge” får vi inntrykk av at dei nye måla er noko meir konkrete enn under den førre reforma i grunnopplæringa.

Her vil lesaren kunne innvende at eg ikkje har nemnt hovudmomenta i dei førre planane, men hovudmomenta fortel kva elevane *kan* arbeide med for å nå måla, men dei har ingen verdi når det gjeld sluttvurdering. Når vi snakkar om vurdering, både i L97, Reform 94 og Kunnskapsløftet, skal vi tenkje på *måla*, ikkje på hovudmomenta, t.d. som i målet for B-språk 2 i Reform 94<sup>6</sup>:

Elevene skal kunne videreutvikle ferdigheter i å forstå og formidle ulike former for muntlig og skriftlig språk og kunne kommunisere muntlig og skriftlig om forskjellige emner. De skal ha kunnskaper om historie, samfunns- og kulturforhold innen språkområdet.<sup>7</sup>

### Måla i Kunnskapsløftet

Det er ikkje lett å vurdere kompetansen til ein elev på bakgrunn av dette målet. I dag har vi fleire og meir konkrete mål enn før, men måla er likevel mindre konkrete enn hovudmomenta i dei tidlegare reformene i grunnopplæringa. Som sagt er måla viktige for å vurdere elevane. Kjernes spørsmålet i Kunnskapsløftet er derfor – som tidlegare – I kor stor grad har eleven nådd måla? I høg grad, i middels grad eller i mindre grad? Men vi lyt òg spørje: Korleis skal vi vite kva ”i høg grad”, ”i middels grad” og ”i mindre grad” inneber? Her ser vi enkelte av måla i Kunnskapsløftet (Kunnskapsdepartementet *op. cit.*):

- beskrive og vurdere eget arbeid med å lære det nye språket
- gi uttrykk for egne meninger og følelser
- forstå og bruke tall i praktiske situasjoner
- forstå og bruke et ordforråd som dekker dagligdagse situasjoner
- gi uttrykk for opplevelser knyttet til språkområdets kultur

<sup>6</sup> [http://www.utdanningsdirektoratet.no/templates/udir/TM\\_Artikkel.aspx?id=1120#Felles%20allmenne%20fag](http://www.utdanningsdirektoratet.no/templates/udir/TM_Artikkel.aspx?id=1120#Felles%20allmenne%20fag)

<sup>7</sup> ”El objetivo de B2: Los alumnos tienen que seguir desarrollando sus destrezas de comprensión y expresión de distintas formas de lengua oral y escrita, tienen que poder comunicarse oralmente y por escrito sobre distintos temas. Y por último deben tener conocimientos sobre la historia, la cultura y la sociedad del mundo hispano” (til spansk ved Sonja Skjær (Skjær 2004: 10).

For meg ser det ut til at det framleis er noko vanskeleg konkret å definere kompetansen til elevane i Kunnskapsløftet.

Kva dreier det seg om? Korleis skal vi forklare særtekkja ved planane? Nøkkelordet er *kompetanse*. Planane skal beskrive den kompetansen som samfunnet ønskjer at elevane skal ha etter fullført opplæring i faget. *Kompetanse* tyder ikkje "ferdigheit", men det å kunne utføre ei kompleks oppgåve, *una tarea compleja*, for å seie det på spansk.

Derfor kan ikkje planane seie at elevane må lære t.d. å bruke *imperfecto* og *pasado indefinido*; dette er nemleg språk på *ferdigheits-* og ikkje på *kompetanseplanet*. Ikkje desto mindre er det nødvendig å kunne bruke og vite forskjellen mellom dei to fortidsformene for å kunne kommunisere godt.

### **Det felles europeiske rammeverket og læreplanen**

Læreplanen er utan tvil inspirert av *Det felles europeiske rammeverket for språk: læring, undervisning og vurdering*, som er utvikla av Europarådet. Den spanske utgåva heiter *Marco común europeo de referencia para las lenguas: aprendizaje, enseñanza, evaluación* (Consejo de Europa 2002; <http://cvc.cervantes.es/obref/marco/> ). Dette rammeverket har vorte utarbeidd med utgangspunkt i to mål (s. 19):<sup>8</sup>

1. Fomentar en todas aquellas personas relacionadas profesionalmente con la lengua, así como en los alumnos, la reflexión sobre las siguientes preguntas:
  - ¿Qué hacemos realmente cuando hablamos unos con otros o cuando nos escribimos?
  - ¿Qué nos capacita para actuar de esta manera?
  - ¿Cuáles de estas capacidades tenemos que aprender cuando intentamos utilizar una lengua nueva?
  - ¿Cómo establecemos nuestros objetivos y evaluamos nuestro progreso en el camino que nos lleva de la total ignorancia al dominio eficaz de una lengua?
  - ¿Cómo se realiza el aprendizaje de una lengua?

---

<sup>8</sup> Ettersom den norske utgåva ikkje er ferdig (september 2006), vil vi i det følgjande sitere frå den spanske utgåva.

- ¿Qué podemos hacer para ayudarnos a nosotros mismos y ayudar a otras personas a aprender mejor una lengua?
2. Facilitar que los profesionales se comuniquen entre sí e informen a sus clientes sobre los objetivos establecidos para los alumnos y sobre cómo alcanzarlos.

Dette er utgangspunktet for dei felles referanserammene. "El progreso en el aprendizaje de la lengua respecto a los parámetros del esquema descriptivo se puede calibrar en los términos de una serie flexible de niveles de logro," heiter det i Rammeverket (*op. cit.*, s. XV),

definida mediante descriptores apropiados. Este sistema debe ser suficientemente completo como para satisfacer la totalidad de las necesidades del alumno y conseguir de este modo los objetivos que interesan a los distintos proveedores o los que se exigen a los examinandos o candidatos en cuanto a una cualificación con respecto a la lengua.

*Cuadro uno* i Rammeverket (*op. cit.*, s. 26) viser oss ein *escala global* over dei felles referansenivåa.<sup>9</sup> Skalaen har tre generelle nivå (A: "Usuario básico", B: "Usuario independiente" og C. "Usuario competente"), og det er lett å sjå at det er samanheng mellom Rammeverket og læreplanen i fremmenspråk i Kunnskapsløftet.

Rammeverket seier (*op. cit.*, s. 27) at "para orientar con fines prácticos a los alumnos, a los profesores y a otros usuarios que estén dentro del sistema educativo, es posible que sea necesaria una perspectiva más detallada." *Cuadro 2*<sup>10</sup> i Rammeverket (*op. cit.*, s. 30 f.) er derfor

un boceto de lo que puede ser una herramienta de ayuda para la autoevaluación sobre la base de los seis niveles. Se pretende ayudar a los alumnos a identificar sus destrezas principales para saber en qué nivel deben consultar la lista de descriptores más detallados, con el fin de autoevaluar su nivel de dominio de la lengua. (*op. cit.*, s. 27).

---

<sup>9</sup> Cuadro 1. Niveles comunes de referencia: escala global (s. 26)

<sup>10</sup> Cuadro 2. Niveles comunes de referencia: cuadro de autoevaluación (s. 30 f.)

Som det blir forklart i andre innlegg på kongressen, viser denne skalaen seks nivå for kompetansen i lytting, lesing, skriving, munnleg samhandling og samanhengande munnleg produksjon.

Det blir då to forhold som vi må forklare:

Sjølv om også Kunnskapsløftet opererer med dei same fem kompetanseområda som Rammeverket, er det for det fyrste ingen konkret og direkte referanse mellom læreplanen og Rammeverket; det er fordi Utdanningsdepartementet – i motsetnad til ein del andre land, som t.d. Finland – ikkje ville tillate referansar til andre dokument i læreplanane.

For det andre er ikkje den kulturelle kompetansen, som er viktig i den norske læreplanen, nokon "sjølvstendig" del av Rammeverket (men den kulturelle kompetansen er likevel nødvendig for å vere i stand til t.d. å "leer con facilidad prácticamente todas las formas de lengua escrita" (C2)).

Vi ser altså at det ikkje er noko fullstendig samsvar mellom læreplanen og Rammeverket. Rammeverket kan derfor ikkje i seg sjølv brukast for å konkretisere måla i læreplanen. Ikkje desto mindre har dei to dokumenta mykje felles: T.d. inneheld både læreplanen og Rammeverket "sluttmål", *objetivos finales*, som viser kva innlæraren skal kunne ved slutten av ein læringsprosess. Elevane treng derfor hjelp fram mot desse sluttmåla, og lærarane må lære å sekundere elevane i læringsprosessen.

### **Læringsprosessen**

At elevane skal lære å lære, er langt sterkare poengtert i Kunnskapsløftet enn i L97 og Reform 94. Dette inneber at dei må lære å formulere delmål i løpet av læringsprosessen for å kunne nå måla i læreplanen. For å hjelpe elevane med å nå måla har vi lærarar og didaktisk materiale – tekstbøker, aktivitetsbøker, lydstoff, Internett – alt dette skal hjelpe elevane fram gjennom etappane i læringsprosessen.

Ein god trenar og sekundant veit at eleven må lære både detaljar og ferdigheiter utan å miste sluttmåla – kompetansen – av syne. Sluttmålet er ikkje at eleven skal kunne noko *om* språket – "saber algo sobre la lengua" –, men at ho skal kunne *kommunisere på* språket – "saber comunicar en la lengua". Og det er den kommunikative kompetansen til eleven som vi skal vurdere.

Vi kan seie at det er eit gjensidig, dialektisk forhold mellom kompetanse og ferdigheiter og mellom øvingar (*ejercicios*) og oppgåver (*tareas*): øvingane er nødvendige for å kunne gjere noko – dvs. utføre noko (ei oppgåve) – på eit språk, men å utføre noko er nødvendig for å lære å bruke ferdigheitene, å utvikle kompetansen.

For at elevane skal kunne nå måla i større eller mindre grad, trengst både undervegsvurdering og eigenvurdering. Vi kan seie at undervegsvurderinga ikkje er mindre viktig enn sluttvurderinga, og at eigenvurderinga ikkje er mindre viktig enn den vurderinga som læraren utfører – undervegsvurdering og eigenvurdering er utan tvil føresetnader for at eleven skal kunne nå måla i størst mogleg grad ved slutten av opplæringa.

For læringsprosessen og eigenvurderinga er den europeiske språkpermen – *el Portfolio europeo de las lenguas* – det verktøyet som det praktisk talt er umogleg å unnvere; språkpermen "permite al individuo registrar y presentar distintos aspectos de su biografía lingüística" (*ibidem*, s. 173):

El *Portfolio* posibilitaría que los alumnos documentaran su progreso en la competencia plurilingüe mediante el registro de experiencias de aprendizaje de todo tipo con respecto a una amplia serie de lenguas, ya que, de otro modo, gran parte de estas experiencias no quedaría atestiguada ni reconocida. Se pretende que el *Portfolio* anime a los alumnos a que incluyan con regularidad anotaciones que actualicen la información sobre su grado de dominio de cada lengua, a partir de la autoevaluación. (*ibidem*, s. 20).

### **Grunnleggjande prinsipp for vurdering**

Den numeriske kompetansen er ein av dei grunnleggjande ferdigheitene i Kunnskapsløftet, men i vurderinga finst det berre éin rekneart: addisjon. Vi skal nemleg vurdere det som elevane klarer å gjere, og då legg vi til, vi trekkjer ikkje frå.

Målet for læringsprosessen er *kompetansen* i læreplanen. Ved slutten av opplæringa skal vi derfor vurdere i kor stor grad elevane er i stand til å utføre oppgåver, og ikkje i kor stor grad dei kan gjere øvingar.

Utdanningsdirektoratet har enno ikkje (september 2006) gitt ut eksempel på eksamensoppgåver i Kunnskapsløftet, og vi kjenner ikkje vurderingskriteria. Det er

likevel klart<sup>11</sup> at elevane som tidlegare skal vise i kor stor grad dei har nådd måla for opplæringa, dvs. måla i læreplanen. Dette er mål på kompetansenivå – og, som sagt, ikkje alltid like konkrete: ”Målet for opplæringen er at eleven skal kunne finne relevante opplysninger og forstå hoveddinnholdet i skriftlige og muntlige tilpassede og autentiske tekster i ulike sjangre”, ”delta i enkle, spontane samtalesituasjoner” og ”gi uttrykk for egne meninger og følelser”, for å nemne tre av dei, burde vise dette. For god undervegs- og eigenvurdering blir det derfor nødvendig lokalt å bryte opp målformuleringane og utforme dei ulike trappetrinna frå bakkenivå og opp til målet. Berre gjennom ei slik konkretisering av etappane opp til t.d. ”gi uttrykk for egne meninger og følelser” frå skolestart til standpunktarakter og eksamen vil elevane ha oversyn over læringsprosessen. Lærarane lyt derfor gjennom delmål definere løypa fram til t.d. å kunne ”bruke lytte-, tale-, lese- og skrivestrategier tilpasset formålet”. I dette arbeidet blir det utan tvil nødvendig å dra nytte av alle dei positive erfaringane som andr land i Europa har gjort med den europeiske språkpermen, det som ein deltakar i det norske pilotprosjektet omtala som ”eit funn for svake elevar”.

Alt i Reform 94 og L97 skjedde det eit skifte i perspektivet for vurdering. Særleg i Reform 94 kom det tydeleg fram at elevane skulle vurderast på bakgrunn av måla i læreplanen, for eksempel målet for B-språk 2 i Reform 94, som vi har sett på. For både grunnskolen og den vidaregåande opplæringa gjorde det dåverande Eksamenssekretariatet det klart at elevane skulle vurderast på kommunikasjonsplanet. Det er all grunn til å rekne med at måla i Kunnskapsløftet vil innebære at dette kravet vil bli enda tydelegare.

For å gjere det heilt klart: Elevane skal vurderast på *tarea*-nivå og ikkje på *ejercicio*-nivå. Til munnleg og skriftleg eksamen vil dei møte oppgåver – ja, nettopp: *oppgåver (tareas)*, ikkje *øvingar* – der dei skal vise i kor stor grad dei har nådd måla i læreplanen. Dette gjeld både for sentralt gitt og lokalt gitt eksamen. Då må dei sjølv sagt vurderast på det same planet (kommunikasjon) og ikkje ut frå kor gode dei er til t.d. å bøye verba.

Dette inneber på ingen måte at elevane ikkje lenger skal kunne bøye verb. Men verbbøyinga er ein del av det som konstituerer den munnlege eller skriftlege teksta som eleven skal kommunisere, og det er heilskapen av kva og korleis eleven kommuniserer som skal vurderast. Dette er ikkje nytt. Det er faktisk heilt identisk med

---

<sup>11</sup> [http://www.utdanningsdirektoratet.no/upload/Brev/Omtale\\_av\\_vurdering\\_i\\_LK06.pdf](http://www.utdanningsdirektoratet.no/upload/Brev/Omtale_av_vurdering_i_LK06.pdf)

prinsippa i Reform 94. Men problemet er at den førre reforma ikkje ser ut til å vere innført fullt ut og over alt enno; framleis melder sensorar i B- og C-språk frå om at dei til eksamen ønskjer oppgåver som eksplisitt prøver elevane i formverk. Kva for mål i læreplanen for B- og C-språk ønskjer dei då å prøve? Og når sensorane skal komme med framlegg til korleis vurderingsskjemaet kan betrast, er det faktisk ein stor del av dei som vil ha større plass for å notere eksempel på grammatiske feil. Her har Eksamenssekretariatet, Læringscenteret og Utdanningsdirektoratet hatt kurs for sensorar og peika på at det er heilskapen av innhald, struktur og språk som skal vurderast, og at karakterane skal setjast på grunnlag av kva elevane *kan* (og *ikkje* på grunnlag av kva dei *ikkje kan*) – og så ber sensorar om meir plass til å notere eksempel på feil i ein av dei tre kategoriane innhald, struktur og språk. Stortinget kan endre den statlege utdanningsadministrasjonen så mykje det vil, ser det ut til, men på vurderingsfronten står altså mange av holdningane frå før 1994 fast.

”Skal ein skrive ned kva elevane gjer feil i, må ein òg skrive ned kva elevane lykkast i,” brukte Georg Matthiesen, leiaren for det tidlegare Eksamenssekretariatet, å seie. No som læreplanane så detaljert som mogleg innanfor retningslinjene viser konkrete kompetansemål, er dette prinsippet enda viktigare å følgje enn før. Det kan vere mykje å kritisere retningslinjene<sup>12</sup> for læreplanane i Kunnskapsløftet for, men læreplanane i fremmensspråk er eit ærleg forsøk – igjen: innanfor retningslinjene – på å definere kva som er god kommunikasjon på ulike plan og korleis elevane skal lære å kommunisere. Og då har elevane krav på å bli vurderte deretter – på kompetanseplanet.

## Litteratur

Consejo de Europa (2002): *Marco común europeo de referencia para las lenguas: aprendizaje, enseñanza, evaluación*. – Ministerio de Educación, Cultura y Deporte / Instituto Cervantes / ANAYA, Madrid.

Kunnskapsdepartementet (2006): *Læreplanverket for kunnskapsløftet*. Midlertidig utgave juni 2006. – Utdanningsdirektoratet, Oslo.

Skjær, Sonja (2004): *El análisis de errores y su impacto en la comunicación en textos escritos por alumnos noruegos en su examen final del bachillerato*.

---

<sup>12</sup> [http://skolenettet.no/laereplaner/login\\_lp.aspx?id=11960&scope=ScopeLaerAns&epslanguage=NO](http://skolenettet.no/laereplaner/login_lp.aspx?id=11960&scope=ScopeLaerAns&epslanguage=NO)



**ANPE.** I Congreso nacional: *2006, año del español en Noruega: un reto posible*, 8-9/09-2006.

Memoria de Máster en Enseñanza del Español como Lengua Extranjera. –  
Universidad Antonio de Nebrija, Madrid.